


<p>Tema: Problemløysande metode i sjukepleie</p> <p>Mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Du skal planleggje eige arbeid - Du skal gjennomføre eige arbeid - Du skal dokumentere eige arbeid - Du skal vurdere eige arbeid 	<p>Verb</p> <p>å kartlegge å observere å sanse å dokumentere å evaluere</p> <p>Substantiv</p> <p>tiltaksplan behov ressursar mål tiltak journal rapport behandling hygiene kontinuitet kvalitet sjukepleie heilskap helsepersonellova helsehjelp</p> <p>Adjektiv</p> <p>personleg forsvarleg</p>	<p>Omset orda til morsmålet ditt</p> <p>å kartlegge حَدَّدَ الاختياجات (arabisk) å observere...</p>
<p>Modell tekst</p> <p>Når du gir god sjukepleie, må du sjå heile mennesket. Vi kallar dette for heilskap.</p> <p>For å vite kva hjelp pasienten treng, må du jobbe etter ein plan. Denne planen kallar vi ein tiltaksplan. Som helsepersonell har du ei plikt til å følgje helsepersonellova og gi forsvarleg helsehjelp.</p> <p>Det første du gjer, er å kartlegge pasienten. Det betyr at du finn ut kva behov pasienten har, og kva ressursar pasienten har, som å vaske ansiktet sjølv. For å kartlegge må du observere. Du bruker auga, øyra, nase og hender for å sanse korleis pasienten har det. Etterpå set du mål for sjukepleia. For å nå måla, må du setje i verk ulike tiltak, som for eksempel å hjelpe pasienten med personleg hygiene.</p> <p>Arbeidet du utfører og det du observerer, må du dokumentere i pasienten sin journal. Du skriv ein rapport for å sikre kontinuitet, slik at alle kollegaer veit kva som er utført, og for at pasienten skal få trygg og rett behandling.</p> <p>Når du følger planen, sikrar du god kvalitet i arbeidet. Til slutt må du evaluere arbeidet. Det betyr at du sjekkar om målet er nådd, eller om du må endre tiltaksplanen.</p>	<p>Setningsstartar</p> <ul style="list-style-type: none"> • For å gi god sjukepleie må eg... • Heilskap betyr at vi ser på... • Eg må jobbe etter ein tiltaksplan for å... • Helsepersonellova seier at eg må... • Når eg skal kartlegge, finn eg ut... • Pasienten har ressursar som å... • For å observere må eg bruke... • Når eg skal sanse, bruker eg... • For å nå målet må eg... • Eit viktig tiltak kan vere å... • Eg må dokumentere... • Eg skriv ein rapport i pasienten sin journal for å... • Eg sikrar god kvalitet i arbeidet ved å... • Eg må evaluere for å sjekke om... 	